



Camilla og Ozzy i eit agilitykurs i Stavanger. Slike kurs kan også haldast i Uskedalen hvis bygda får eit treningsområde. (Foto: Privat)

Kvinnherad Hundeklubb ønskjer seg eit område på 40 ganger 40 meter, opplyste leiar Camilla Jensen under årsmøtet i Uskedalen Utvikling.

Området må kunne gjerast flatt slik at det kan lagast ein inngjerda grusbane der, likt ei lita fotballbane. Det må vera mogleg å setta opp ljøs og det må gå an å køyra dit.

- Bana skal gjerast inn og nyttast som treningsområde. Det blir faste treningstider og låst port. Dermed kan ikkje kven som helst sleppe hundane sine der, presiserar Camilla Jensen.

Ho peikar på at det også kan leggast duk under grusen slik at det blir lett å føra området attende til opprinneleg stand hvis kkubben ikkje skal disponera det meir.

Hundeklubbens leiar ser det som svært positivt at Uskedalen får fleire aktivitetar og ho strekar under at treningsområdet vil lokka

folk frå andre bygder hit på kurs og treningar.

Klubben håpar å få arrangera offisielle agilitytevlingar snart.
Då kjem det truleg hundefolk til Uskedalen frå heile Vestlandet for å delta.

Av Ola Matti Mathisen